

MEMOAR

Memoarbrev #4-2018

Infrastruktur:

Etter kvart som fleire samarbeider om munnleg historie i videoformat, vert det tydelegare at den infrastrukturen Memoar har bygd opp er nyttig også for andre.

Musé, historielag eller andre som skal ha kortare eller lengere prosjekt, er velkomne til å kopla seg på. Så lenge me har plass kan det testast kostnadsfritt. Når volumet stig, må laget/museet vera med å spleisa. Les meir under Ressurssenter på www.Memoar.no

Knut Kjeldstadli

blir den fyrste hovudinnleiaren på Memoarkonferansen, 1. og 2. mars 2019. Me har oppmoda han til å utdjupa ordet "Mnemoteket", som han lanserte i ein kronikk i januar 2018.

Bente Gullveig Alver

er hovudinnleiar til tema nr 2 - minneintervjuet. Om tillit, tiltru og etikk i relasjonen mellom intervjuar og forteljar. Sjå meir:

www.memoarkonferansen.no

Ein eventyrleg haust



Me kan la eit bilde frå kurset på Glåmdalsmuseet/Anno museum Elverum illustrera rekka av arrangement som har prega denne hausten. Overalt har me møtt entusiasme for tanken om å få i gang systematisk samarbeid om innsamling, dokumentasjon, arkivering og ikkje minst formidling av munnleg historie. Prosjektet "Krafttak for munnleg historie i Noreg" bar besøkt Varanger, Alta, Hammerfest, Harstad, Orkdal, Tingvoll, Flora, Lillehammer, Elverum, Nesbyen og Ål. Kort etter nyttår vert prosjektet avslutta med kurs og intervjuopptak i Porsgrunn, Bø i Telemark og Kristiansand.

Musé og historielag har vore samarbeidspartnarane over alt, bortsett frå at Universitetet i Sørøst-Norge (USN) er medarrangør i Bø. Memoar har hatt hovedansvaret, med solid fagleg støtte frå Norsk etnologisk gransking, Folkeminnesamlinga og Landslaget for lokalhistorie og økonomisk støtte frå Norsk Kulturfond. Les meir på : Krafttak.memoar.no



Memoarkonferansen 1.-2.mars 2019

Tre nye år med sjøfartsminne:



Memoar, Sjøfartsmuseet i Bergen og Bergens Skipperforening er samde om å halda fram med innsamling av munnlege sjøfartsminne fram til og med 2021. Prosjektet har enno ikkje fått noko finansiering, og det er i all hovudsak Memoar som tar kostnadane.

Men innsamlinga er omfatta av mykje interesse, og den blir no del av eit samarbeid mellom 12 musé og Memoar om å betra norske musé sitt arbeid med munnleg kjeldemateriale. Sjå meir på <http://sjofart.memoar.no>



Nye lokalsider:

Etter Krafttak-prosjektet er mange nye nettsider under arbeid:

Varanger.memoar.no -

Hammerfest.memoar.no -

Tingvoll.memoar.no -

Hallingdal.memoar.no -

Flora.memoar.no - og endå fleire kjem. Følg med på Memoar.no

Memoar reiser debatt om eit Senter for munnleg historie

Interessa for all immaterioell kulturarv er aukande i Noreg. I akademia går tradisjonar heilt attende til Asbjørnsen og Moe. Munnleg tradisjon og samtidsdokumentasjon er interessant både for musé og bibliotek. Veldig mange historielag har samla munnleg kjeldemateriale i fleire tiår. Digitaliserings- og arkiveringskapasitet finst. Men kompetanse og ressursar er spreidde. Derfo vert dei og så lite synlege.



Idéen om eit nytt *senter for munnleg historie* handlar om ei tettare samanknytting av **Folkemинnesamlinga** (stifta 1914) og deira nettverk i univcersitetssektoren,

Norsk etnologisk gransking (1946) og deira nettverk i museumssektoren,

Lokalhistorisk Institutt (1955) og deira nettverk i biblioteksektoren, og ikkje minst

alle dei **536 lokale soge- og historielaga** landet rundt.

Eit **senter for munnleg historie** vil fokusera kompetanse-utviklinga, grunnleggja nye studie- og profesjonsutdanningar, bli eit kraftsenter for "citizen science" (samarbeid mellom vitskap og frivillig sektor) og skape grobotn for nye kultur næringer.

5.715 avspelingar siste år

I perioden 23/12-17 til 22/12-18 har "avspelingmaskinen" til Memoar gått samanhengande i 75 døgn, 9 timar og 27.min. 605 av desse avspelingane har vore fullstendige - at folk har sett heile dei fleire timar lange intervju. I gjennomsnitt har folk sett i 19 minutt kvar gong dei har vore inne. Oftast spelte er intervju i seriane Sjofart.memoar.no, Bergen.memoar.no og Krigsminne.memoar.no

